



Ranveig Sagstad
Hosøyvegen 124
5993 Ostereidet

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3840 - 22/44138

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
09.06.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 11/7 Hølleland

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 11/7
Tiltakshavar: Ranveig Sagstad og Stein Veland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.05.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjonsøknaden er for dårleg grunngeven. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside; [Alver kommune - Dispensasjon](#). Og i vedlagte skriv.
2. Det er ikkje lagt ved løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå kommuneveg. Søknadsskjema som er lagt ved søknaden vert sendt over til vegavdelinga i kommunen for handsaming.
3. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon på at tomta er sikra godkjent avløpsløyving i samsvar med forureiningslova. Om dette spørsmålet kan du ta kontakt med Hogne Askeland på avdeling for Miljø og tilsyn i kommunen.
4. Det er ikkje dokumentert at eigeiendomen har forsvarleg tilgang til hygienisk trykt og tilstrekkeleg drikkevatt, samt sløkkevatt.
5. Det er ikkje lagt fram erklæring om rett til veg, vass- og avløpsleidningar over gbnr 11/7 for den nye grunneigedomen. Her kan ein la feltet for bnr. for rettshavar i punkt 3 A stå ope for seinare utfylling. Skjema for erklæring er vedlagt. Dette må fyllast ut i 2 eksemplar og leverast i original.
6. Alver kommune som eigar av gbnr 11/135, Hosøyvegen, er ikkje nabovarsla.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 17.07.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

erklæring-om-rettighet_nyn
Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

Mottakarar:

Ranveig Sagstad
Stein Veland

Hosøyvegen 124
Hosøyvegen 124

5993 Ostereidet
5993 Ostereidet